



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Norsk Fjellsenter i Lom

Dato: 19.06.2023

Tidspunkt: 10:00 - 16:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Marianne Bugge	Medlem	LUSTER
Jo Trygve Lyngved	Nestleder	SKJALM
Per-Gunnar Sveen	Medlem	IFK
Edel Kveen	Leder	SKJÅK
Sonja Øvre-Flo	Medlem	VLFK
Rolv Enersvold	Medlem	LOM

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
------	----------	-------------

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------

Merknader:

Øvrige frammøtte:

Navn

Stein Magne Grevrusten

Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 16/23	Mysubytta LVO - 2023 - Dispensasjon - Vedlikehald av veg - Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum		2023/6393
ST 17/23	Breheimen nasjonalpark - Bygningar i villreinen sine trekkveggar utanfor verna område		2022/11260
ST 18/23	Referatsaker		
RS	Autorisasjon - besøkssenter nasjonalpark - Fortun Bygdalag		2023/6018
RS	Endelig vedtak - klage - Mysubytta LVO - fjerning av platting - Rita Brekkum		2019/16363
ST 19/23	Delegerte vedtak		
DS 12/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2023 - uttransport av båt og garnkasse frå Åfåttjønnin - Martin Kløkk		2023/1594
DS 13/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - løyve til å arrangere Norges Minste Festival ved Smithbuhytta i Breheimen Nasjonalpark søndag 18. juni 2023 - Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes		2022/12373
DS 14/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Transport av ved og utstyr til hytte på snødekt mark - Tanja Teigum		2023/5338
DS 15/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Skjøtsel av kulturlandskap - Lidar vel v/ Per Dagsgard		2023/5742
DS 16/23	Delegert vedtak - Høyrokampen NAT - 2023 - Transport av materialer med snøskuter - Birger Eggen		2023/2107
DS 17/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - utplassering av Fjellgeitposter - Røykeskålsvatnet - Holene - Søverdalen - Fjellgeita - Skjåk IL		2023/1085
DS 18/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - løyve til å arrangere «Norges Minste Festival» ved Smithbue - Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes		2022/12373
DS 19/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Transport av båt, ved og proviant - Lundadalen - Åge og Arnstein Frøyse		2023/1759
DS 20/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - motorferdsel på snødekt mark -		2020/12991

	Lundadalsvatnet - Martinsbu - Yste Sætre - Magne Håvard Forberg	
DS 21/23	Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel 2023 - bruk av skuter etter 20. april - Strynefjellet Sommerski AS v/ Nina Lensebakken	2020/204
DS 22/23	Delegert vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - 2023 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåkning ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA	2023/4577
DS 23/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Transport av båt og garnkasse - Magne Nyhus	2023/3159
DS 24/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen NP - Vigdalen LVO - Hamrsdalsnosi - Motorferdsel - Oppsetting av basestasjon til peiling av husdyr - Skjolden Beitelag	2023/3553
DS 25/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - Løyve til motorferdsel etter 20.april - Hydro Energi Sogn	2020/4405
DS 26/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Aretntzbu - DNT Oslo og omegn	2022/2726
DS 27/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppsetting av stolper i samband med stolpejakt - DNT Gudbrandsdalen	2023/4576
DS 28/23	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2023 - Rydding av sti og oppføring av stolpe med skilt - Egil Olav Nyrnes	2023/95
ST 20/23	Eventuelt	

ST 15/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Edel Kveen Forslag om Rolv Enersvold og Sonja Øvre-Flo til å skriva under protokollen.

Behandling

Vedtak

Møteinnkalling godkjent. Rolv Enersvold og Sonja Øvre-Flo godkjenner protokollen saman med styreleiar

ST 16/23 Mysubytta LVO - 2023 - Dispensasjon - Vedlikehald av veg - Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum 2023/6393

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Behandling

Forvaltar orienterte om saka.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 19.06.2023 gjeve Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum løyve til å leggje om vegen slik det er beskrive i søknaden.

Vedtaket er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav j i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- Før tiltaket blir gjennomført skal nasjonalparkforvaltar ha beskjed om når tiltaket skal utførast. Forvaltar eller Statens naturoppsyn Breheimen deltek om nødvendig.
- Vegetasjon kan fjernast inntil den raude streken i figuren på side 6. Vegetasjonen skal takast vare på og bli brukt over ei eventuell skjering i terrenget. Anna overskotsmasse kan bli brukt til å pynte til arealet på høgre sida av den blå streken i figuren på side 6. Her kan det også blir grave ei lita grøft, eller det kan bli plassert større stein for å markere overgangen mellom veg og utmark.
- Tiltaket skal utførast på ein slik måte at det ikkje blir grave meir enn strengt nødvendig, og inngrepet skal pyntast til på best mogleg måte.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Mysubytta landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 17/23 Breheimen nasjonalpark - Bygningar i villreinen sine trekkvegar utanfor verna område 2022/11260

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Marianne Bugge	1. Breheimen nasjonalparkstyret ber miljødirektoratet kjøpe den omtala hytta i Breiddalen av Skjåk Almenning slik at hytta blir i statleg eige (Statsbygg) slik som hytta på Ringebufjellet. Nasjonalparkstyret ber miljødirektoratet om at dei får hytta riven, eller flytta. Dersom det ikkje er aktuelt med overtaking av hytta ber Breheimen nasjonalparkstyre at miljødirektoratet bidreg med midlar til å kompensere Skjåk allmenning for kjøpesummen, samt riving eller flytting av hytta.
Edel Kveen	2. Breheimen nasjonalparkstyre forventar at Klima- og miljødepartementet gjennom ny stortingsmelding for villrein, tek opp problemstillinga og set av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar, innanfor og utanfor vernaområde, som kan ha stor betydning for å betre villreinens levekår.

Behandling

Jo Trygve Lyngved er dagleg leiar i Skjåk allmenning og fremja ynskje om at nasjonalparkstyret skulle vurdere om han var gild i behandling av saka.

Styret vurderte Lyngved til å vera ugild i behandling av punkt 1 i saka då punktet gjeld eigedom direkte knytt til Skjåk allmenning, og påverknad på denne eigedomen. I punkt 2 vart Lyngved vurdert som gild då det var eit meir generelt spørsmål om tiltak knytt til betring av villreinens trekkruiter og leveområde.

Punkt 1.

Nasjonalparkstyret trakk fram at saka er positiv og viktig for villrein som er ein del av verneformålet til Breheimen nasjonalpark. For å minke påverknad på villreinens leveområde og trekkruiter meina nasjonalparkstyret at det er rett å utfordre klima og miljødepartementet på ei konkret sak som hytta i Breidalen. Når klima og miljødepartementet får tips om slike saker må det handlast raskt.

Skjåk allmenning har teke eit samfunnsansvar i høve villrein med at dei kjøpte hytta i Breidalen. Jo Trygve Lyngved kom med saksopplysning om at delar av hytta og uthus er av laft, og kan flyttast. Forvaltar viste til ei hytte på Ringebufjellet som klima og miljødepartementet kjøpte med tanke på å fjerne den, akkurat med mål om å bidra positivt til villreinens trekkruite. Den hytta står framleis.

Hytta i Breidalen står ikkje inne i verneområdet, men nasjonalparkstyret såg det som ei viktig sak sidan villrein er ein del av verneformålet i nasjonalparken, og hytta i Breidalen ligg i trekkruta mellom Breheimen og Reinheimen. Nasjonalparkstyret vil sende eit brev til klima og miljødirektoratet. Nasjonalparkstyret tykte ordlyden i innstillinga frå forvaltar ikkje var ideell, då ein kan då ein kan tolka det til at nasjonalparkstyret er usikker på kva dei ynskjer, noko dei ikkje er. Nasjonalparkstyret drøfta forslag til ordlyd i vedtaket.

Nasjonalparkstyret ynskjer handling i saka. Styret ynskjer at hytta skal fjernast og området tilbakeførast til naturen. Dersom miljødirektoratet kjøper hytta av skjåk allmenning så må det fylgjast opp med riving, eller flytting i nærmaste framtid. Dersom miljødirektoraet ikkje kjøper hytta så må dei oppmodast om å gje tilskot til å betale Skjåk allmenning for hytta og rivinga. Nasjonalparkstyret vil ha tilbakemelding på vurderingane miljødirektoratet gjer i høve hytta i Breidalen.

Marianne Bugge kom med forslag på ordlyd.

Punkt 2.

Nasjonalparkstyret meinte at underlaget til innstillinga var tydeleg på kva nasjonalparkstyret meina, men ordlyden i vedtaket kan ikkje formulerast som spørsmål, då det ein kan tolka det til at nasjonalparkstyret er usikker på kva dei ynskjer, noko dei ikkje er.

Nasjonalparkstyret drøfta forslag til ordlyd på vedtaket. Det er viktig at det kjem fram i brevet til miljødirektoratet at styret forventar eit svar på dei vurderingane som vert gjorde. Det er viktig at det kjem midlar til tiltak både innanfor og utanfor verneområda som kan betre villreinens tilhøve.

Edel Kveen kom med forslag på ordlyd.

Vedtak

Med bakgrunn i denne saka, og styremøte den 19. juni 2023, gjev Breheimen nasjonalparkstyret styreleiar og sekretariat i oppdrag å utforme brev til miljødirektoratetder dei blir utfordra på følgjande punkt:

1. Breheimen nasjonalparkstyret ber miljødirektoratet kjøpe den omtala hytta i Breiddalen av Skjåk Almenning slik at hytta blir i statleg eige (Statsbygg) slik som hytta på Ringebufjellet. Nasjonalparkstyret ber miljødirektoratet om at dei får hytta riven, eller flytta. Dersom det ikkje er aktuelt med overtaking av hytta ber Breheimen nasjonalparkstyre at miljødirektoratet bidreg med midlar til å kompensere Skjåk allmenning for kjøpesummen, samt riving eller flytting av hytta.

2. Breheimen nasjonalparkstyre forventar at Klima- og miljødepartementet gjennom ny stortingsmelding for villrein, tek opp problemstillinga og set av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar, innanfor og utanfor vernaområde, som kan ha stor betydning for å betre villreinens levekår.

Breheimen nasjonalparkstyre forventar ei tilbakemelding frå departementet på dei to punkta ovanfor.

ST 18/23 Referatsaker /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Behandling

Forvaltarane orienterte om sakene.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek sakene til orientering.

ST 19/23 Delegerte vedtak /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Behandling

Forvaltarane orienterte om sakene.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek sakene til orientering.

ST 20/23 Eventuelt /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2023

Behandling

Vedtak